

Kva vil du lære oss, Jesus?



Oversikt over samlingar og tema:

- 1.kveld:** **Intro» + Vi må velge/prioritere Jesus**
Marta og Maria
- 1.bibeltime:** **Vi må vise nestekjærleik**
Den miskunnsame samaritan
Tenaren som ikkje ville tilgje
- 2.kveld:** **Vi må hjelpe andre til Jesus**
Den lame og dei 4 vennerne
- 2.bibeltime:** **Jesus tilgjev oss**
Den bortkomne son
Jesus vil at vi skal tru på han
Bygg huset på fjell
- Fam/avslmøte:** **Oppsummering/presentere evangeliet**

Info om opplegget:

Temaet denne gongen er «Kva vil du lære oss, Jesus?».

Kort fortalt så er det for kvar samling eit tema/ei overskrift som seier kva Jesus vil lære oss.

Og så vert det tatt fram ei eller to bibelhistoriar/likningar som vert brukt til å belyse dette.

Dette er i stor grad kjente og mykje brukte bibelhistoriar, som sikkert mange av dykk har undervist i tidlegare.

Difor trur eg ikkje at opplegget treng så mykje meir grundig introduksjon.

Det eg tenker er viktig at ein er obs på når ein underviser om ting som Jesus vil at vi skal *gjere*, er at dette ikkje vert kobla opp mot frelsa.

Jesus vil at vi skal vere gode mot andre, men det er ikkje slik at viss ikkje vi er snille nok og gjer mange gode gjerningar så kjem vi ikkje til himmelen!

Dette er viktig å få fram når ein bruker desse historiane, så ha dette i bakhovudet når du legg opp undervisninga di.

Aldersgruppe: Eg har hatt ca. 5.-7.klasse i tankane når eg har laga dette opplegget. Dette fordi eg meiner det er lettare å «skalere ned» enn å «skalere opp», dvs det er mindre arbeid å forenkle enn å bygge på. Så skal du bruke dette opplegget til born som er vesentleg yngre enn 5.-7.klasse, så bør du kanskje forenkle og forkorte litt her og der.

Hjelpemiddel: Då eg i utgangspunktet er ein «powerpoint-talar», og er mest komfortabel med det, så er det powerpointane eg brukar mest tid på å lage, som hjelpemiddel til bibeltimeopplegget.

Men då nokon av dykk som skal bruke dette opplegget kanskje er annleis skrudd saman enn meg, så har eg òg prøvd å få med ein del andre hjelpemidlar, drama, gjenstandar og liknande.

Dette har eg lagt inn i eit vedlegg som ligg separat.

Bruk gjerne det i staden for/i tillegg til powerpointane viss du ønsker det ☺

Det er ein fordel dess fleire ulike verkemidlar ein klarer å ta i bruk, då borna er ulike og lærer på ulike måtar.

Det går fint an å flette inn eit drama sjølv om ein bruker powerpoint som hovudformidlingsform!

Til slutt:

Tanken er at dette opplegget skal vere til ei god hjelp for dykk, ikkje eit manus som må følgjast slavisk.

De må difor kjenne dykk helt frie til å gjere det på *dykkar* måte!

Eg tykkjer det berre er flott viss kvar enkelt talar vil sette sitt eige, tydelege preg på det som vert presentert!

HJELPEMIDLAR:

-Powerpoint: Det er laga *ein* powerpointpresentasjon til alle dei fem samlingane. Her går det an å legge til nye bilder sjølv og ta vekk bilder ein ikkje vil bruke. De må kjenne dykk heilt frie ift dette. Tanken min når eg har laga dei er at det er betre å ta med for mange bilder enn for få, då det er lett for dykk å ta vekk dei bileta de ikkje vil bruke. I dei fleste powerpointpresentasjonane er det nok litt for mange bilder til at ein bør bruke *alle*.

Bileta i powerpointane følger stort sett det som eg skriv i *formidlingsdelen* til kvar samling.

Dvs at legg du fram stoffet omlag slik eg har presentert det, så vil bileta passe nokonlunde kronologisk ift den skrevne teksten.

Velger du å fortelle på andre måtar enn det eg har gjort, evt i ei anna rekkefølge, så går det sjølvsagt heilt fint, men då må du kanskje flytte litt på bileta i powerpointen for at dei skal passe.

Tips: skal du bruke powerpointpresentasjonane til mindre born, så ta vekk ein del tekst/bibelvers, og bruk berre bileta.

Det er lagt opp til *to* bibeloppslåingar kvar av dei to bibeltimane (sjå powerpoint-presentasjonane). Eg trur det er viktig at borna lærer å bruke og slå opp i Bibelen, sjølv ein kanskje òg tek biblversa opp på skjermen vha powerpoint.

-Songar: Til slutt for kvar samling har eg lista opp nokre forslag til songar som passar nokonlunde ift det som har blitt forkynt, med info om kvar ein kan finne tekst og/eller playback til desse.

Forslag til leirsong:

For dei yngste: Det står så mykje fint i Bibelen (CD «Sprell Levende 2006», Søndagsskulen)

For dei eldste: Den gyldne regel (CD "Mitt valg" Lisa Børud)

PS: Eg har tekst til alle desse songane i powerpoint, berre gje meg ein lyd viss de vil ha dei ☺

-Vedlegg: Eit separat dokument som inneheld drama, aktivitetar, spørsmål, songtekstar og godnatthistoriar.

-Spørsmål til samtale: Eg har laga nokre spørsmål som kan brukast på gruppesamling etter bibeltimane. Desse ligg òg i vedlegget.

Ein bør kanskje sjå an aldersgruppa ift om ein skal ta med *alle* spørsmåla, eller velge ut nokre av dei.

Det kan og hende at ikkje alle spørsmåla blir gitt svar på i løpet av dei to bibeltimane, ulike talarar kan prioritere framlegginga av stoffet litt ulikt, difor bør talaren sjå over spørsmåla før dei vert delt ut på gruppesamling.

Elles er stoffet til dei ulike samlingane ordna på følgjande måte:

*Først står det *kvar* i Bibelen stoffet er henta ifrå.

*Så står det ein grovdisposisjon over kva som skal formidlast.

*Deretter kjem det som eg har skreve, som kan brukast konkret inn mot formidlinga.

Eg har skreve formidlingsdelen i litt sånn "forteljarstil", slik at den kan brukast ganske direkte rett inn i framføringa av stoffet.

GROVSKISSE OVER DEI ULIKE SAMLINGANE:

1.Kveld: Vi må velje/prioritere Jesus

Innhald: Intro + Marta og Maria

Bibeltekst:

Lukas 10, 38-42

1.Bibeltime: Vi må vise nestekjærleik

Innhald: Den miskunnsame samaritan + tenaren som ikkje ville tilgje

Bibeltekst:

Den miskunnsame samaritan: Lukas 10, 25-37

Tenaren som ikkje ville tilgje: Matteus 18, 21-35

2.Kveld: Vi må hjelpe andre til Jesus

Innhald: Den lame mannen og dei 4 vennerne

Bibeltekst:

Matteus 9, 1-8

Markus 2, 1-12

Lukas 5, 17-26

2. Bibeltime: Jesus tilgjev oss – Jesus vil at vi skal tru på Han

Innhald: Den bortkomne son + Bygg huset på fjell

Bibeltekst:

Den bortkomne son: Lukas 15, 11-32

Bygg huset på fjell:

Matteus 7, 24-28

Lukas 6, 46-49

Familiemøte/avslutningssamling:

Oppsummering + evangeliet.

1.kveldssamling: «Intro» + Vi må velje/prioritere Jesus

Bibeltekstar:

Marta og Maria: Lukas 10, 38-42

Grov disposisjon:

- fortelje historia om Marta og Maria
- aktualisering: kvifor og korleis prioritere Jesus i liva våre?
- introduksjon av tema

Målsetting:

- lære borna historien om Marta og Maria
- lære borna at det er viktig at vi brukar tid på og prioriterar Jesus
- lære borna *kvifor* det er viktig at vi brukar tid med Jesus viss vi vil tru på Han.

Hjelpemidlar:

- powerpointpresentasjon: «1.kveld»
- drama/aktivitetar: sjå vedlegget
- godnatthistorie: Marta og Maria (vedlegget)

Litt fakta/bakgrunnsinformasjon for talar:

Introduksjonen av temaet for leiren har eg denne gongen sett inn *etter* bibelhistoria, ikkje framføre, slik som vanleg.

Dette for å ha høve til å gå *rett på* interessefangaren (sjå under, eller bruk ein av dei som står i vedlegget), og for å kunne bruke bibelhistoria som er blitt fortalt som referanse/eksempel.

Formidling:

Forslag til innleiing/interessefangar:

(Sjå vedlegget for fleire forslag)

Er det nokon av dykk som har søsken?

Er de *alltid* gode venner med dei?

Eller *hender* det at de kranclar litt av og til?

(Vis bilete i powerpoint (eller frå vedlegget) av dei to borna som er sure på kvarandre.)

Eg trur at *alle* som har søsken kranclar litt av og til!
Kanskje de til og med er kjempesinte på kvarandre innimellom?

I dag skal de få høyre om to søstre i frå Bibelen, der den eine søstra vart skikkelig sur på den andre!

Historia om Marta og Maria:

Og denne dama som vart litt sur, ho heitte Marta.

Marta, ho budde i lag med søstra si, som heitte Maria.

Og ein dag, så skjedde det faktisk noko litt spanande: for dei fekk besøk!
Synst de at det er spanande å få besøk?

Ja, det er kjekt å få besøk, og ekstra spanande er det kanskje viss det er ein *kjendis* som kjem på besøk?

Veit de kva ein kjendis er for noko?

Ein kjendis er ein person som nesten alle veit kven er, som kanskje er masse på TV eller er flink å synga eller spela fotball.

Er det nokon som har hatt besøk av ein kjendis heime hjå seg?

(Lat borna få fortelje, kanskje nokon har hatt besøk av ein kjent person?)

Veit de kva, desse to søstrene dei fekk besøk av ein kjempestor kjendis..

Kven trur de at det var?

Var det Justin Bieber eller kongen i Norge, kanskje?

Nei, dei levde ikkje då når Bibelen vart skreve.

Men det var faktisk **JESUS** som kom på besøk!

Trur de at Marta og Maria hadde gleda seg til å få besøk av Jesus?

Det står det ikkje noko om i Bibelen, men eg trur dei hadde gleda seg veldig.

For Jesus var kanskje den største kjendisen som levde på den tida!

Og i tillegg så var han god venn med Marta og Maria.

Tenk om du skulle fått besøk av Justin Bieber?

Eller Lionel Messi?

(Bruk evt andre døme som passar).

Kva ville du ha gjort då?

Kva pleier vi å gjere når vi skal få storfint besøk?

Eller kanskje eg kan seie det slik: kva pleier *mamma* å gjera når vi skal ha storfint besøk?

Jau, då skal det ryddast og vaskast og kostast!

Og lagast mat og stryke dukar og dekke bord!

Er det ikkje ofte slik?

Viss vi skal få storfint besøk så lar vi dei ikkje kome til eit skittent hus!
Og vi lar dei ikkje gå svoltne heim att!

Sånn tenker dei fleste av oss, og sånn tenkte ho som heitte Marta og:
«Sjølvaste Jesus kjem jo på besøk, så her skal det bli stell på sakene»

Og så begynte ho å rydda og vaska.
Og når ho var ferdig med det, så begynte ho å laga eit skikkeleg festmåltid.

Og etter kvart så kom Jesus på besøk.
Og Marta ho fortsatte med å styra og stella for at Jesus skulle få god service!

Men..hugsar de at Marta hadde ei søster?
Kvar kjem ho inn i denne historia?
Trur de at ho hjelpte Marta med å styra og stella for Jesus?

Det skulle vi kanskje tru, men det gjorde ho ikkje!
Veit de kva ho gjorde i staden for?

I staden for å hjelpa Marta, så sette Maria seg ned for å høyra på Jesus!
Og då vart Marta skikkeleg fornærma!
«Her må eg stå åleine med *alt* slitet, medan Maria berre sitt og latar seg ute i stova med Jesus!»
Dette er skikkelig urettferdig, tenkte ho.

Og til slutt, så vart ho faktisk så irritert at ho gjekk til Jesus og så sa ho:

Lukas 10, 40:

«Herre, bryr du deg ikkje om at syster mi lèt meg vera tenar åleine? Sei til henne at ho skal hjelpa meg.»

Jesus, sei til Maria at ho må komma å hjelpa meg!
Det er ikkje rettferdig at eg skal stå åleine med alt arbeidet!

Var det rart at Marta reagerte sånn?
Eigentleg var det vel ikkje det..
Men kva trur de at Jesus svarte?
Trur de at han kjefta på Maria og så sende ho ut for å hjelpa Marta?

Lukas 10, 41-42:

41 Då svara Herren: «Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. 42 Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.»

Jesus han svarte ikkje Marta akkurat sånn som ho hadde tenkt, trur eg.
«Marta, Marta», sa han.

Du er kjempeflink til å rydda og laga mat, og du styrar med mykje som er flott, men du har gløymt det som er det aller viktigaste..

Kva trur de at Jesus meinte var det *aller* viktigaste?
Viktigare enn å få god mat og viktigare enn å ha eit ryddig hus?

Det viktigaste, meiner Jesus, det er at vi **brukar tid i lag med han**.
At vi høyrer på og bryr oss om det som han har å seie!

Jesus han var ikkje sint på Marta fordi at ho var opptatt med å laga mat, men han minna ho på at sjølv om det òg kan vere viktig, så er det noko som alltid er *endå* viktigare: og det er å bruke tid saman med Jesus!

(Ta med eit eller fleire av punktene under for å aktualisere dette inn i borna sitt liv)

Aktualisering:

**Prioritering*..prioriterer vi å bruke tid saman med Jesus?

Det viktigaste er ikkje kor flinke og driftige vi er, men at vi prioriterer å bruke tid saman med Jesus.

Jesus var glad i både Marta og Maria – sjølv om dei var forskjellige. Jesus var glad i begge to og sat dei ikkje opp mot kvarandre, men Han påpeika kva som var det *viktigaste*.

Jesus ynskjer ikkje at vi skal streve og slite for at Han skal bli nøgd, det er ikkje det som er det viktigaste. Det viktigaste er at vi ynskjer å tilhøyre Han og at vi er glad i Han. Mange av borna trur kanskje at dei må gjere ditt og datt (slite slik som Marta) for at Jesus skal bli nøgd med dei, men slik er det ikkje.

Sjølvsagt ynskjer Jesus at vi skal gjere gode ting, men det er av omsyn til våre medmenneske, ikkje for at vi skal få lov til å vera Hans born!

**Kvifor* er det viktig å prioritere tid med Jesus?

Dette er viktig viss vi ønsker å vere kristne, slik at vi blir bevart, og stadig kan lære meir og vekse i trua på Han.

Det er ikkje noko gale i å bruke tid på andre (og i seg sjølv gode) ting, men det må ikkje gå ut over tida vår med Jesus.

**Korleis* kan vi prioritere tid med Jesus? Korleis kan vi sette Jesus først i kvardagen vår?

Her kan ein snakke med borna om kva ein brukar tida si på i kvardagen, og om kor stor plass Jesus får der.

Kva kan vi endre på, viss Jesus får for liten plass?

Har nokon ein interesse som tek nesten all tida?

Fotball, hest, venner osv.?

Kor mykje kristne aktivitetar er ein med på?

Leir, ving, yngres, kor, klubb osv.?

Det er absolutt ikkje noko gale i å vere kjempeinteressert i fotball eller hest, men det vi må passe på er at vi ikkje blir så opptatt av interessene våre at vi gløymer Jesus!

Minnevers:

Matt 6,33:

Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg.

Introduksjon av tema:

Med denne historia så ville Jesus lære oss noko om kva som er viktig her i livet.

Og slik er det med alt som vi kan lese om i Bibelen: det står der fordi at vi skal lære noko av det.

No har vi lært at det er viktig å prioritere Jesus viss vi har lyst til å tru på Han.

Og utover leiren skal vi høyre fleire historiar frå Bibelen, og så skal vi sjå på kva Jesus vil lære oss med desse historiane.

Difor er temaet for denne leiren: «Kva vil du lære oss, Jesus?».

Forslag til songar:

Sammen med Jesus (CD "Barn synger for barn" Tryggheimsalen Unge Røster)

1. Bibeltide: Vi må vise nestekjærleik

Bibeltekstar:

Den miskunnsame samaritan: Lukas 10, 25-37

Tenaren som ikkje ville tilgje: Matteus 18, 21-35

Grov disposisjon:

- forklare kva ei likning er for noko
- fortelje likninga om den miskunnsame samaritan
- fortelje likninga om tenaren som ikkje ville tilgje
- bruke desse to likningane som utgangspunkt for ulike aktualiseringar (sjå til slutt etter kvar likning)

Målsetting:

- lære borna dei to likningane
- lære dei kva det betyr for oss som lever i dag

Hjelpemidlar:

- powerpointpresentasjon: «1.bibeltide»
- drama/aktivitetar: sjå vedlegget
- godnatthistorie: Mannen som ble angrepet av røvere (vedlegget)

Litt fakta/bakgrunnsinformasjon for talar:

Likninga om den miskunnsame samaritan eignar seg godt til å sette fokus på korleis ein bør oppføre seg mot kvarandre på leir.

Nokre leirstader har utfodringar ift mobbing og liknande, og då kan det vere nyttig å bruke denne likninga til å sette litt fokus på det.

I vedlegget ligg eit drama som er laga med henblikk på dette, og som kan framførast eller flettast inn i forkyninga.

Formidling:

Forslag til innleiing/interessefangar:

(Vis bilete av ein ambulanse, i powerpoint eller frå vedlegget).

(Ver litt forsiktig med å utbrodere for mykje, nokon born kan ha hatt traumatiske opplevingar ifb med ambulanser, ift seg sjølv eller nær familie).

Er det nokon av dykk som har sett ein ambulanse i full utrykning?

Eller ein politibil?

Det kan vere litt stilig!

Full fart og masse blålys!

I dag skal de få høyre ei historie frå Bibelen som Jesus fortalde, og som, viss det hadde skjedd i dag, hadde gjort at både politi og ambulanse hadde rykka ut med fullt blålys!

Og denne historia som Jesus fortalde den kalla han for ei *likning*.
Er det nokon som veit kva ei *likning* er for noko?
Likningar det var små historiar som Jesus fortalde, og som skulle lære folk noko viktig.
Og det som skjer i ei likning det er ikkje ting som har skjedd på ordentlig, men det er ting som godt *kunne* ha skjedd.

Og såne likningar står det mange av i Bibelen.
For likningar det likte folk at Jesus fortalde!
Og for at folk skulle skjønna likningane hans, så brukte Jesus ting i historiane som folk visste kva var for noko.

Til dømes viss han snakka med nokon som var fiskarar, så brukte han kanskje ei historie som handla om fising.
Eller viss han snakka med folk som hadde greia på å bygga hus, så handla kanskje historien om å bygga hus.

Og denne likninga som de skal få høyre no, den handla òg om noko som folk forstod veldig godt..den handla om venner og fiendar, og korleis vi skal oppføra oss mot desse!

Og det er jo noko som vi òg forstår ganske godt!
Eg trur dei fleste av dykk lett kunne ha nemnt nokre personar som de likar veldig godt og nokre personar som de ikkje kan fordra.

Og dette handlar den om denne likninga som Jesus fortalde, og som de no skal få høyra.

For ein gong så kom det ein mann til Jesus og spurde han eit spørsmål:
«Jesus, korleis vil du at eg skal leva livet mitt?»

Og då svarte Jesus noko som kanskje var litt vanskelig å forstå:
«Jo, du skal vera snill mot *nesten* din!»

«Ja, men, kven er nesten min, då?», svara mannen.

Veit du kven nesten *din* er?
Er det bestevennen din?

Eller søskena dine, kanskje?

Nesten det betyr faktisk «den neste personen som du treff på»!
Så viss Jesus sa at mannen skulle vera snill med nesten sin, så betydde jo det at han egentlig måtte vera snill med alle!

Men det hadde denne mannen litt vanskeleg med å forstå..vera snill med *alle*?
Går det an?

Og for at mannen skulle skjønna kva Jesus meinte, så fortalde Jesus han denne likninga:

Likninga om den miskunnsame samaritan:

Jesus han byrja å fortelle om ein mann som måtte legge ut på ei reise.

Denne mannen han skulle reise mellom to byar i Israel som heitte Jerusalem og Jericho.

Og fra Jersuaalem og til Jericho var det ca 27 km.

Men så var det sånn at den veien som gjekk i frå Jerusalem og til Jericho, det var ein veldig farlig vei å reise.

For langs denne veien så holdt det til mange tjuvar og landeveisrøvarar.

Og dei opererte ofte i flokkar på fleire i lag, som så la seg på lur og overfalt dei som kom forbi.

Og det var nettopp det som skjedde med mannen i denne likninga!

Han vart overfalt av ein gjeng med røvarar som hadde lagt seg på lur.

Dei slo han ned, tok alle verdisakene hans og lot han ligga igjen i veikanten. Og det var ikkje sånn at dei berre hadde dytta han forsiktig i bakken for å få tak i tingene hans, men dei hadde faktisk gått så hardt til angrep på han at dei nesten hadde drept han.

Så her vart denne mannen liggande døande igjen i veikanten, utan nokon til å hjelpe seg..

Og fordi at det var ein veldig farlig vei så var det ikkje så mange som brukte veien, så eg trur ikkje mannen var så veldig optimistisk ift å få hjelp.

Men etter ei lita stund så kom det faktisk ein mann gåande.

Og ikkje berre ein vanleg mann, men ein prest, faktisk.

"Han vil sikkert hjelpa meg", tenkte mannen.

For prestane dei er jo skikkelige og gode folk.

Men det var *ikkje* det som skjedde, for presten han gjekk faktisk rett forbi, sjølv om han såg at mannen låg der.

Ei lita stund seinare så kom det på nytt ein mann gåande.

Og det her var heller ikkje nokon vanlig mann, det var ein som vart kalla for levitt.

Og ein levitt det var og ein slags prest, og levittane dei vart òg sett på som veldig flotte og ordentlige folk.

Men det som skjedde, det var akkurat det same som skjedde då presten kom:

Levitten han gjekk rett forbi, sjølv om han og såg at mannen låg der.

Og denne mannen han vart svakare og svakare, for han var ganske hardt skada.

Men etter ei lita stund så kom det ein ny mann gåande.

Og denne mannen han vart kalla for ein samaritan, fordi at han var ifrå ein plass som vart kalla for Samaria.

Og Samaria det var eit område som låg ca midt i Israel, og dei som budde her dei vart kalla for *samaritanarar*.

Og samaritanarane dei var veldig dårlig likt av dei som budde andre plassar i Israel.

Faktisk så var dei så dårlig likt at viss nokon som budde sør eller nord for Samaria skulle reisa nordover eller sørover, så reiste dei *rundt* Samaria istadenfor gjennom, sjølv om det var ein stor omveg, fordi at dei ville ikkje ha noko med dei i Samaria å gjera.

Faktisk så var «samaritan» det styggaste du kunne kalla ein anna person i Israel.

Så viss du sa "din samaritanar", så var faktisk det det styggaste du kunne sei til ein annen person!

Og no var det altså ein *samaritanar* som kom gåande mot han mannen som var skada, og som var frå Israel.

Og når mannen som låg skada såg det, då trur eg ikkje at han vart så veldig optimistisk..

For når presten og levitten, som var "skikkelige" folk, ikkje hadde villa hjelpa han, så ville no i hvertfall ikkje *samaritanaren* hjelpa han, trur eg kanskje at han tenkte..

Men no skal vi sjå kva som skjedde..

Samaritanaren han stoppa opp der som mannen låg.
Og når han såg kor vondt mannen hadde det, då syntes han veldig synd på han.

Så han hjelpte mannen opp, rensa såra hans og tok bandasje på hovudet hans.

Og så tok han mannen med seg på eselet sitt og gjekk av gårde.
Og han tok han med seg og fekk lagt han på inn på noko som vart kalla for eit *herberge*, og det var eit slags hotell.

Og faktisk så betalte denne samaritanaren med sine egne pengar for at han som eigde herberget skulle ta seg av denne mannen som var skada.
Og attpåtil så sa han det at viss det ikkje var nok pengar det som han fekk no, så skulle han betala meir neste gong han kom forbi.

Og då Jesus hadde fortalt denne likninga ferdig, så spurde han dei som høyrde på eit spørsmål.

Eit spørsmål som han òg stiller til oss som lever i dag..

Og kva dette spørsmålet var skal vi slå opp i Bibelen no:

→ **Bibeloppslåing: Lukas 10,36**

Lukas 10,36:

Kven av desse tre tykkjer du viste seg som ein neste for han som fall i hendene på røvarane?

Ja, kven av desse tre synest de at oppførte seg som ein god neste mot han som vart overfalt av røvarane?

Var det presten, levitten eller samaritanaren?

No skal vi sjå om Jesus er einig med dykk:

Lukas 10,37:

«Den som viste miskunn mot han», svara den lovkunnige. Då sa Jesus: «Gå du og gjer som han.»

Når denne mannen svarte at det var han som hjelpte som gjorde det rette, då sa Jesus: gå du og gjer som han.

Altså vil Jesus at vi skal vera sånn som han samaritanaren!

Men kva med presten og levitten, då?

Det var jo eigentleg *dei* som folk meinte var dei mest ordentlige og pålitelige personane i samfunnet.

Hadde det ikkje vore meir logisk at det var *dei* som hjelpte han mannen som var skada, og ikkje han samaritanaren, som eigentleg var erkefienden hans?

Jau, det hadde kanskje det, men det som Jesus ville forklara med denne likninga er at det viktigaste er at at vi viser kjærleik og omsorg for andre menneske, sånn som samaritanaren gjorde,

Avrunding/aktualiseringar:

Så sånn vil altså Jesus at vi skal vera mot kvarandre.

Er vi alltid sånn mot kvarandre?

Nei, ikkje alltid, trur eg.

Vi er ikkje ALLTID snille med vennane våre eller andre folk som vi treff, og vi er i hvert fall ikkje alltid snill med folk som vi *ikkje* likar.

Men det vil Jesus at vi skal vera.

Vi skal til og med vera god mot dei som vi *ikkje* likar..

Er det enkelt?

Nei, ikkje alltid.

Å vera snill med dei som alltid er snill med deg, og som du likar, det er jo som oftast ganske lett.

Men å vera snill mot dei som du kanskje synst er litt teite eller litt annerledes, det er ikkje alltid så lett.

Men det vil Jesus at vi skal vera, og DET var det han ville læra oss med denne likninga om samaritanaren.

For samaritanen og han som vart slått ned dei var jo eigentleg erkefiendar, men likevel så hjelpte samaritanaren han.

Og no skal vi slå opp eit nytt bibelvers som fortel oss noko om kor langt vi skal gå i å vera god mot andre:

→ **Bibelopplåing: Matteus 5, 43-44**

Matteus 5, 43-44:

43 De har høyrte det er sagt: Du skal elska nesten din og hata fienden din.

44 Men eg seier dykk: Elsk fiendane dykkar, velsign dei som forbannar dykk, gjer vel mot dei som hatar dykk, og be for dei som mishandlar dykk og forfølgjer dykk.

Ganske heftig!

Men sånn vil altså Jesus at vi skal prøva å vera mot andre!

Ikkje så lett å leva opp til!

Overgang til likninga om tenaren som ikkje ville tilgje:

Og i den siste likninga de skal få høyre i dag så skal de få møte ein person som *ikkje* klarte å leva opp til dette!

Forslag til innleiing/interessefangar:

(Vis bilete av ein faktura/ei rekning)

Ser de kva dette er for noko?

Det er ei *rekning*, eller ein *faktura*.

Slike har kanskje ikkje de fått så mange av, men foreldra dykkar og dei andre vaksne i rommet her trur eg har fått mange!

Når vi får ei rekning så betyr det at det er noko som vi må betale for.

Straumrekning, til dømes, det er noko som nesten alle får, fordi at vi må betale til straumselskapet for den straumen som vi brukar heime når vi skal bruke komfyren, sette på ein omn eller ha lyset på i stova.

Eller rekning for å reise på leir!

Foreldre eller foresette må betale ei rekning for at de skal kunne vere på leir denne helga.

Men sjølv om det er litt kjedelig å få rekningar, så får vi som oftast ikkje større rekningar enn at vi har nok pengar til å betale dei.

Men kva om vi får ei rekning som er så stor at vi ikkje har sjans i havet til å klare å betale ho?

Er det noko kjekt?

Nei, det er faktisk veldig kjipt..det trur eg dei vaksne kan skrive under på!

Men no skal de få høyre ei historie som Jesus fortalde, og som handla om ein mann som fekk ei slik rekning..

Likninga om tenaren som ikkje ville tilgje:

Og grunnen til at Jesus måtte fortelje denne likninga, det var at Peter, ein av disiplane til Jesus, kom og stilte Jesus eit spørsmål:

Matteus 18,21:

Då gjekk Peter fram til Jesus og spurde: «Herre, kor mange gonger skal bror min kunna synda mot meg og eg likevel tilgje han? Så mykje som sju gonger?»

Peter han lurte på kor mange gongar han skulle tilgje viss nokon gjorde noko gale mot han.

Og så seier han: så mange som 7 gongar?

Eg trur Peter synst at 7 gongar eigentleg var ganske mykje.

For viss nokon gjer noko skikkeleg stygt mot deg, så kan det jo vera vanskelig nok berre å tilgje *ein* gong.
Men Peter han var jo ein av dei *flinkaste* disipline til Jesus, så han trudde kanskje at han kunne klara det så mange som 7 gongar.

Kva trur de at Jesus svara då, når Peter foreslo at han skulle tilgje 7 gongar?

Matteus 18,22:

Jesus svara: «Ikkje sju gonger, seier eg deg, men sytti gonger sju!»

Er det nokon som klarar å rekne ut i hovudet kor mykje 70 gonger 7 er?

490.

490 gongar ville Jesus at Peter skulle tilgje ein anna person som gjorde noko vondt mot han.

Høyres ikkje det nesten litt umogleg ut?

Viss nokon er skikkeleg ekle mot oss, så tilgjev vi kanskje greit ein gong.

Og viss dei held fram med å vera ekle med oss, så klarar vi kanskje å tilgje nokon gongar til.

Men viss nokon har vore stygg mot deg for 490. gong, då trur eg kanskje ikkje at du har så veldig lyst til å tilgje lenger!

→ (Her passar det å bruke dramaet frå vedlegget «Magnus og pappa Per»)

Trur de Jesus meinte at vi skulle tilgje nokon *akkurat* 490 gongar, og så kunne vi sleppa å tilgje meir?

Nei, Jesus meinte ikkje at vi skal *tella* alle gongane vi tilgjev nokon, og så når vi er komt til 490 så skal vi slutta å tilgje.

Men Jesus brukte eit veldig stort tal for at Peter skulle skjønna at han skulle tilgje *mykje meir* enn han sjølv trudde.

Og no skal de få høyre den likninga som Jesus fortalde Peter, og som skulle få Peter til å forstå kvifor vi må tilgje andre menneske.

Og den historien handla om ein konge som hadde mange tenarar.

Og mange av desse tenarane dei hadde lånt pengar av kongen.

Nokon hadde lånt lite, medan andre hadde lånt mykje.

Og ein dag, så bestemte kongen seg for at han ville kreva inn frå alle tenarane sine alt det som dei skulda han.

Og den første som kom til kongen, det var ein tenar som skulda han 10 000 talenter.

Og 10 000 talentar, er det nokon som vil tippa ca kor mykje det er?

60 millionar dagslønner!

Denne tenaren skulda kongen 60 millionar dagslønner!

Og viss du har ein vanleg eller litt god jobb i Norge, så tener du kanskje 1000 kroner dagen.

Og i så fall, så vil det seie at denne tenaren skulda kongen 60 milliardar kroner!

Og 60 milliardar det er ganske mykje pengar!

Viss du har ein vanlig jobb i Norge, så må du arbeide i 120 000 år for å tena 60 milliardar.

Og no ville kongen ha desse 60 milliardane tilbake.

Korleis ville de ha reagert viss denne rekninga plutseleg låg i postkassen ein dag? (Vis bilete i powerpoint)

Eg trur dei fleste av oss hadde fått litt panikk viss vi plutseleg fekk ei rekning i posten på 60 milliardar, som skulle betalast innen 14 dagar.

Og denne tenaren, om ikkje han fekk panikk, så vart han i hvert fall ganske fortvila.

For han skjønnte det at han ikkje hadde nubbesjans til å betala tilbake alt det han skulda.

Uansett kor mykje han hadde jobba og kor mykje han hadde spart, så hadde han ikkje vore i nærheten av å klara 60 milliardar.

Men kongen, han stod på sitt og sa at: «gjelda den skal betalast, og viss ikkje du har pengar så skal både du og kona di og ungane dine og alt du eig selgast».

For det var faktisk vanleg på den tida då Jesus levde, at dei som ikkje kunne betale det som de skulda dei måtte selge seg sjølv eller familien sin som slavar.

Tenk å måtta selge kona og ungane sine!

Mannen han vart kjempefortvila!

Og difor så såg han berre ein mulighet:

Er det nokon som trur dei veit kva mannen gjorde?

Han måtte kasta seg ned for kongen, og så måtte han be på sine kne om ikkje han kunne få sleppa å betala!

Tenk det!

Å spør om å få sleppa å betala 60 milliardar!

Hadde han berre skulda nokre hundrelappar så kunne vi kanskje skjönt det viss kongen sa: "ja, ja, det er no ikkje så mykje, så det er greit, vi kan berre gløyma det"

Men det var faktisk 60 milliardar denne mannen spurte om han kunne få sleppa å betala!

Er det nokon som veit kva kongen gjorde?

Blei han illsint og sa at "det kan du berre gløyma!?"

Nei, for når kongen såg kor utruleg fortvila mannen var, då syntes han veldig synd i han, og så sa han faktisk at:

"Det er greit, du skal sleppe å betale gjelda di"

Tenk det, å få strøke ei gjeld på 60 milliardar!

Det er ikkje så rart at mannen var godt fornøyd når han kom ut etter å ha vore inne hjå kongen.

Og noko av det første som skjedde då han kom ut, det var at han traff på ein av dei andre tenarane som jobba for kongen.

Og denne andre tenaren, han skulda faktisk denne mannen litt pengar.

Hundre denarar står det i Bibelen at han skulda.

Og hundre denarar, det hadde blitt omtrent 50 000 kroner.

Ein del pengar det òg, men ganske mykje mindre enn 60 milliardar!

Og når den mannen som nettopp hadde vore inne hjå kongen såg denne andre tenaren, då tok han tak i han og sa: betal meg tilbake alt du skuldar meg, ellers skal eg kasta deg i fengsel!

Men denne andre mannen han hadde ikkje 100 denarar akkurat då, så han sa: vèr tålmodig med meg og gje meg litt tid, så skal eg betala deg det eg skuldar deg.

«Nei, eg skal ha pengane *no*, ellers kastar eg deg i fengsel», sa mannen då.

Og så kasta han den andre tenaren i fengsel, fordi at han ikkje kunne betala det som han skulda.

Men nokon av dei andre tenarane til kongen dei såg kva som skjedde, og når dei såg det, då vart dei veldig lei seg.

Og så gjekk dei til kongen og fortalde kva som hadde skjedd.

Og når kongen hørde kva dei fortalde, då vart han både sint og lei seg, og så kalla han til seg den tenaren som han hadde tilgjeve 60 milliardar.

Og så sa han til denne tenaren:

Matteus 18, 32-33:

Då kalla herren tenaren til seg att og sa til han: 'Du vonde tenar! Heile skulda ettergav eg deg fordi du bad meg om det. 33 Skulle ikkje du òg ha vist miskunn mot medtenaren din, slik eg viste miskunn mot deg?

Kva synst de om denne mannen som hadde fått tilgjeve så mykje, men sjølv så var han ikkje villig til å tilgje bittelitt ein gong?

Eg trur dei fleste av oss vil vera enige i at når han hadde fått tilgjeve så mykje sjølv, så burde han og kunne tilgje andre.

Og *det* var det Jesus ville lære oss menneske med denne likninga!

For Gud, han er på ein måte litt sånn som kongen i denne likninga. Og vi menneske, vi er litt sånn som han som skulda 60 milliardar.

For vi menneske, *vi* har eigentleg og ei gjeld, *til Gud*, og den er så stor at vi aldri vil klare å betale ho sjølv.

Men den gjelda som vi har til Gud, det er ikkje pengar.

Det er noko som vi kalla for *synd*.

Og synd, det er alt det gale som vi menneske gjer.

Og Gud, han tåler ikkje synd.

Og fordi at vi gjer galne ting heile tida, så får vi ei gjeld som er så stor at vi aldri kan klare å betale ho.

Men heldigvis, så gjer Gud akkurat det same som kongen gjorde i denne likninga: han tilgjev oss alt det vi skuldar han, sjølv om det er så mykje at vi aldri ville kunne klart å ordne opp i det sjølv.

Og det gjorde han då han lot Jesus dø på korset, sånn at vi skulle få tilgjeve alle syndene våre.

Og når Gud har tilgjeve oss så mykje, då meiner Gud at vi menneske og må kunne tilgje kvarandre.

Avslutning/aktualisering:

Klarar vi det i kvardagen vår..å tilgje andre menneske?

Eller går vi kanskje heller rundt og pønskar på korleis vi kan hevne oss?

Veit de kva..i så fall så er vi *litt* som tenaren i denne ligninga, som på tross av at han sjølv nettopp hadde blitt vist ein uendeleg godleik, ikkje hadde latt seg prega av det sånn at han viste den samme godleiken mot medtenaren sin.

Det kan du tenke på neste gong du ikkje vil tilgje nokon: det som Gud har tilgjeve deg, det er mykje meir enn det som du ikkje vil tilgje den andre personen.

Så Jesus vil at vi skal tilgje kvarandre!
Men kvifor er det så viktig, då?
Er det så farleg å gå rundt å vere sint på andre?

Sjølvsagt har vi lov til å bli sint viss nokon gjer noko stygt mot oss, men viss vi går og tenker på det HEILE tida, og ikkje vil prøve å tilgje den som gjorde det..får vi det noko godt inni oss då?

Ein mann fortalde meg ein gong korleis han hadde opplevd det å gå rundt og ikkje ville tilgje.

Han hadde ein venn som hadde svikta han, og som han gjekk rundt å irriterte seg over heile tida.

Han tenkte på han heile dagen og heile tida, og det øydelagte nesten livet hans.

Men kva då med han vennen som hadde svikta han?

Jau, han budde ein annan stad i landet, og visste ikkje ein gong om at han gjekk rundt og irriterte seg på han!

Så det at han mannen gjekk rundt og irriterte seg og ikkje ville tilgje, det gjekk eigentleg berre ut over han sjølv!

Vi får det så mykje betre inni oss viss vi tilgjev, for då slepp vi å gå rundt med vonde tankar.

Og det VEIT Jesus, og difor vil han at vi skal tilgje kvarandre!

Minnevers:

[Efesarane 4,32:](#)

Ver gode mot kvarandre og vis medkjensle, så de tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus.

(Her kan ein evt snakke litt meir om det å tilgje.

Kva synes borna det er vanskelegast å tilgje?

Opplever dei sjølv å bli tilgjeve?

Tenker dei på det i kvardagen, at dei må tilgje andre menneske?)

Så kva er det vi har lært av Jesus sine likningar i dag?

Vi har lært at vi skal vere gode mot alle menneske!

Det lærte vi av likninga om den miskunnsame samaritan.

Og så lærte vi no at vi skal tilgje kvarandre..både for vår eiga skuld og for den andre personen si skuld.

Det lærte vi av likninga om tenaren som ikkje ville tilgje.

Og vidare på leiren skal vi få høyre om endå fleire ting som Jesus vil lære oss!

Forslag til songar:

Den gyldne regel (CD "Mitt valg" Lisa Børud)

2. kveldssamling: Vi må hjelpe andre til Jesus

Bibeltekst:

Den lame mannen og dei 4 vennene:

Matteus 9, 1-8

Markus 2, 1-12

Lukas 5, 17-26

Grov disposisjon:

-fortelje historia om den lame mannen som vart boren til Jesus

-fortelje at vi òg kan hjelpe folk til Jesus!

Målsetting:

-lære borna bibelhistorien

-få borna til å forstå korleis dei kan «bære» andre til Jesus

Hjelpemidlar:

-powerpointpresentasjon: «2.kveld»

-drama/aktivitetar: sjå vedlegget

-godnatthistorie: Ned frå taket (vedlegget)

Formidling:

Innleiing/interessefanger:

(Bruk av ein gjenstand, sjå vedlegget: vis fram ein takstein, eit tau, eit legohus eller ei bære).

Er det nokon av dykk som har vore i eit hus der taket ikkje har vore tett?

Det er ikkje så veldig ideelt.

Då drypper det inn viss det regnar, og så blir det kaldt og guffent.

I dag skal de få høyre om nokre menn ifrå Bibelen som øydelagte eit tak..og Jesus han syntes faktisk at det var heilt greitt!

Historia om den lame og dei 4 vennene:

Hugsar de at vi høyrde om på den første samlinga at Jesus var ein kjendis?

Som kom på besøk til Marta og Maria?

Og Jesus han vart etter kvart meir og meir kjent, og faktisk så vart det sånn at Jesus han måtte gå ut av byane og finna seg øde plassar viss han skulle få kvila seg.

Og no hadde Jesus vore og kvilt seg litt utanfor ein by som heitte Kapernaum, før han på nytt reiste inn til byen. Og når Jesus kom inn igjen til byen, då stimla folk seg saman rundt han. Nokon ville kanskje høyra han tala, medan andre kanskje var sjuke og håpte at Jesus kunne gjera dei friske.

Og denne gongen så gjekk Jesus inn i eit hus, og så talte han til folket der. Kvifor han gjekk inn i eit hus det veit vi ikkje. Kanskje vart han invitert av dei som budde i huset? Eller kanskje var det så varmt ute i sola at dei ville vera inne? Det veit vi ikkje, for det står det ikkje noko om i Bibelen, men det som vi veit det er at dei etter kvart fekk eit problem: Det vart stappfullt inne i huset. Dei hadde ikkje så store hus på den tida som det vi har no, så når kjempemange ville høyra på Jesus så vart det til slutt fullt.

Og eg trur nok at dei pressa inn fleire og fleire og fleire, for at så mange som mulig skulle få plass, men til slutt så vart det fullt! Det var ikkje plass til ein einaste person til inne i huset. Det står i Bibelen at det var ikkje ein gong plass utanfor døra, slik at ein kunne kikke inn!

Har de vore inni eit rom ein gong som har vore så stappfullt? Kanskje på bussen midt i rushtida? Eller inne i gymsalen på skulen 17.mai viss det regnar? Eller på konsert med det store idolet ditt?

Det kan vere litt trangt og klamt, men då har du i alle høve komt deg inn, og er truleg glad for det.

Men no kom det nokre menn mot det huset som Jesus talte i. Fem menn var det, ein mann på ei bære og fire menn som bar båra. For denne mannen som låg på båra han var nemleg lam i beina sine, slik at han ikkje kunne gå. Og difor så ville vennanne hans prøva å bære han til Jesus.

Men kva skjedde då dei kom fram til huset? Jau, dei var for seint ute! Det var blitt fullt!

Og viss det var så fullt at det ikkje var plass til *nokon* fleire personar i huset, så var det i alle høve ikkje plass til fire menn som kom bærande på ei stor bære!

Men desse fire mennene dei fekk ein ide!
 Dei gjekk bort til huset, og så gjekk dei opp på taket!

For husa på den tida dei var litt annleis enn dei husa som vi har i Noreg. Dei hadde som oftast flatt tak, og så var det ei trapp eller ein stige opp til taket.

Og så var ikkje husa bygd av murstein eller plankar sånn som i dag, og takene dei besto ofte av bjelkar som var dekkja av kvistar, strå og leire.

Så desse mennene dei bar båra opp på taket, og så..

Kva trur de at dei gjorde?

Sat seg ned der for å sole seg?

Nei, dei byrja å hakke hol i taket!

Og ikkje berre eit lite lufttehol, men eit hol som var like stort som heile båra!

Eg trur dei som var inne i huset byrja å lure på kva som holdt på å skje!

Tenk å sitte og ane fred og ingen fare, og så plutseleg ramlar det jord, kvistar og strå ned i hovudet på deg!

Kanskje Jesus òg fekk rusk på seg?

Men det brydde ikkje desse fire mennene seg om, dei hakka og gravde heilt til holet i taket var så stort at dei kunne heise den lame mannen ned til Jesus.

Kva trur de Jesus sa når han såg dette?

Vart han oppgitt fordi at dei hadde øydelagt taket på huset?

Nei, no skal vi lese i Bibelen kva Jesus sa:

Markus 2,5:

Då Jesus såg trua deira, sa han til den lamme: «Son, syndene dine er tilgjevne.»

Ja vel?

Trur de at det var *difor* dei hadde bore mannen til Jesus, for at syndene hans skulle bli tilgjevne?

Trur de ikkje at dei håpte at Jesus skulle gjere han frisk?

Det står det ikkje noko om i Bibelen, men det er vel ganske sannsynlig at det var det som var håpet.

Men nokre andre som var der og hørde på Jesus, som vart kalla skriftlærde, dei syntes ikkje noko om at Jesus tilgav syndene til denne mannen!

Markus 2, 6-7:

No sat det nokre skriftlærde der. Dei tenkte i hjartet: 7 «Korleis kan han seia noko slikt? Han spottar Gud! Kven andre kan tilgje synder enn éin – det er Gud?»

Dei skriftlærde det var personar som kunne mykje om Gud og om lover og reglar, og dei meinte at det berre var Gud som hadde lov til å tilgje syndene til folk.

Og det hadde dei i grunn heilt rett i, men det som dei ikkje hadde rett i, det var kven Jesus var.

Dei skriftlærde trudde ikkje at Jesus var Gud sin son, slik at han kunne tilgje synder.

Og difor vart dei sinte då Jesus tilgav syndene til den lame mannen.

Men no skal vi lese kva Jesus sa og gjorde:

Markus 2, 8-11:

Straks visste Jesus i ånda at dei tenkte slik, og han sa til dei: «Kvifor går de med slike tankar i hjartet? 9 Kva er lettast å seia til den lamme: 'Syndene dine er tilgjevne' eller: 'Stå opp, ta båra di og gå'? 10 Men for at de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder» – og no talar han til den lamme – 11 «så seier eg deg: Stå opp, ta båra di og gå heim!»

Jesus han visste kva dei skriftlærde tenkte.

Difor sa han til dei: Kva er lettast å seia?

«Syndene dine er tilgjevne», eller «stå opp, ta båra di og gå»?

Viss Jesus hadde vore ein juksemar, og ikkje Guds son, kva trur de hadde vore lettast å seie då?

«Syndene dine er tilgjevne», eller «stå opp, ta båra di og gå»?

Det hadde definitivt vore lettast å seie «Syndene dine er tilgjevne».

For det hadde jo vore vanskeleg for dei som stod og såg på å sjekke om faktisk hadde skjedd.

«Du er blitt tilgjevne alt det gale du har gjort..»..det er ikkje så lett for andre å «sjekke» om har skjedd.

Men viss nokon seier til ein som er lam og ikkje kan gå: «stå opp, ta båra di og gå», så er det ganske lett å sjekke om har skjedd.

Løft mannen opp på beina.

Ramlar han saman har du dumma deg ut, klarer han å gå har du utført et under!

Trur de at den lame vart frisk?

Markus 2,12:

Då reiste mannen seg, tok straks båra si og gjekk ut framfor dei alle, så dei vart reint frå seg av undring. Dei lova Gud og sa: «Noko slikt har vi aldri sett.»

For at dei skriftlærde og alle andre verkeleg skulle forstå at Jesus var Guds son, så gjorde han den lame frisk igjen!

Avrunding/aktualisering:

Var ikkje det flott, at dei fire mennene hjelpte vennen sin til Jesus slik at han vart frisk?

Den som var lam hadde aldri klart å kome seg fram til Jesus viss ikkje han hadde fått hjelp av nokon andre.

Og slik er det for oss som lever i dag òg.

Vi kan hjelpe andre til Jesus!

Korleis trur de at vi kan gjere det?

Skal vi bygge bårer og legge folk på?

Nei, vi kan ikkje bære folk til Jesus sånn som folk kunne gjere då Jesus gjekk her på jorda.

Vi kan ikkje treffe Jesus fysisk, så vi må møte Jesus på andre måtar.

Korleis trur de at vi som lever i dag kan møte Jesus?

Vi kan:

*Be til Jesus

*Vi kan lese om Jesus i Bibelen

*Vi kan gå på stader der vi får høyre om Jesus (leir, yngres, kor osv).

Og korleis kan vi då hjelpe *andre* til Jesus?

*Vi kan be for dei

*Vi kan ta dei med på stader der dei får høyre om Jesus (leir osv)

*Vi kan sjølv fortelle andre om Jesus

For Jesus er like glad i alle mennesker, og han ønsker at vi skal hjelpe andre til Han, slik som dei fire mennene hjalp den lame til han!

Forslag til songar:

Det står så mykje fint i Bibelen (CD «Sprell Levende 2006», Søndagsskulen)

2. Bibeltime: Jesus tilgjev oss – Jesus vil at vi skal tru på Han

Bibeltekstar:

Den bortkomne son: Lukas 15, 11-32

Bygg huset på fjell:

Matteus 7, 24-28

Lukas 6, 46-49

Grovdisposisjon:

- fortelje likninga om den bortkomne son
- fortelje likninga bygg huset på fjell
- aktualiseringar

Målsetting:

- lære borna dei to likningane
- lære borna at Gud tilgjev oss ubegrensa og vil alltid ta oss tilbake.
- lære borna at vi må bygge livet vårt på Jesus!

Hjelpemidlar:

- powerpointpresentasjon: «2.bibeltime»
- drama/aktivitetar: sjå vedlegget
- godnatthistorie: Den yngste sønnen (vedlegget)

Informasjon til talar:

Ønsker du ei kortare samling går det an å bruke kun likninga om den bortkomne son, då den for mange sikkert vil ha nok innhald til å fylle ein bibeltime.

For begge likningane så kunne eg tatt med mange fleire punkt ift kva vi kan lære og kva vi kan aktualisere, men for at det ikkje skal bli for omfattande så har eg valgt å fokusere kun på det som får fram målsettinga med bibeltimen (sjå over).

Formidling:

Forslag til innleiing/interessefangar:

I dag tenkte eg at eg skulle byrje med å vise dykk eit bilete av noko skikkeleg ekkelt..er de klare for det?

(Vis bilete av grisematen).

Er det nokon som ser kva dette er for noko?
Er det nokon som ville *spist* denne maten?

Nei, det såg ganske vemmelig ut!
Men no skal de få høyre om ein mann som faktisk måtte spise slik mat.

For Jesus han fortalde ein gong ei likning..hugsar de kva ei likning var for noko?

Ei likning var ei historie som Jesus fortalde og som skulle lære dei som høyrde på noko viktig.

Og i dag skal de få høyre to likningar, og den første byrjar slik:

Historia om den bortkomne son:

Ein mann hadde to soner.

Og denne mannen, han hadde og ein stor gård med masse dyr og eit kjempefint hus.

Så mannen og dei to sonene, dei hadde det veldig godt.

Dei hadde både mat og klede og alt anna som dei hadde bruk for.

Men ein dag, så kom den eine sonen til faren sin og sa:

"Far, eg har lyst til at du skal gje meg *no* alt det som eg skal arva av deg".

"For eg har lyst til reisa langt vekk til eit anna land"

Veit de kva *arv* er for noko?

Arv det er noko som vi får *etter* at nokon er død.

Når foreldra mine dør så får eg kanskje huset deira eller pengane som dei hadde i banken..og då seier vi at eg *arvar* huset eller pengane..men det skjer ikkje før *etter* at dei er døde.

Så egentleg skulle ikkje denne sonen ha noko av pengane til faren sin før *etter* at faren var død.

Men no, så kom sonen og spurde om han kunne få pengane med ein gong, sjølv om ikkje faren var død.

Og då trur eg faren vart ganske lei seg, når sonen ville ha pengane hans og så reise ifrå han, men faren gjorde likevel slik som sonen ville.

Så nokre dagar seinare så solgte denne sonen alt det han hadde arva frå faren sin, og så reiste han av gårde.

Og denne sonen, han hadde verkeleg lagt store planar for kva han skulle gjere no, når han hadde så mykje pengar. No skulle han ha det kjempegøy og gjere alt det han hadde lyst til og som han ikkje hadde kunne gjera heime hjå faren sin!

Han hadde mange festar, han åt god mat og gjorde masse ting som han syntes var gøy. Og fordi at han hadde veldig mykje pengar, så var det mange som ville vere venner med han.

Trur de ikkje at han eigentleg hadde det ganske bra?

Og slik levde denne sonen ganske lenge, og eg trur faktisk at han *hadde* det rimelig bra.

Men..han var ikkje så veldig forsiktig med pengane sine, så til slutt så hadde han brukt opp alle pengane som han hadde arva av faren. Og når han ikkje hadde pengar lenger, då var det heller ingen som ville vera venner med han, så no vart han plutseleg heilt åleine.

Og han vart faktisk så fattig at han måtte ta seg arbeid med å gjeta grisane til ein bonde.

Tenk det, han som hadde vore kjemperik, han gjekk no å trakka i lag med dei skitne grisane.

Og ikkje nok med at han måtte passa dei, men han var faktisk så fattig at han måtte *eta* den samme maten som grisane og.

Hugsar de biletet som vi såg i byrjinga?
Ganske ekkelt berre å *sjå* på biletet, men å måtte ete maten òg..

Så no kan vi tenke oss at denne sonen hadde det ganske fælt..
Og denne sonen, han byrja å tenke.
Og det han tenkte på, det var kor godt han hadde hatt det heime hjå faren sin.
For der hadde han hatt både hus og klede og mat og alt anna som han trengte.
Og så angra han på at han hadde valgt å reise ifrå faren sin.

Men i tillegg til at han angra, så var han òg *veldig* flau..
 "Tenk at eg kunne gjere noko så dumt", tenkte han.

Men så bestemte han seg til slutt for å reise heim igjen til faren sin.

Og han var faktisk så flau over det han hadde gjort at han trudde eigentleg ikkje at faren ville ha han tilbake, sidan han hadde vore så dum å sløst vekk alle pengane sine på tull og tøys.

Så denne sonen han hadde faktisk tenkt å gå heim og spørre om han fekk lov til å jobbe som *tenar* for faren sin.

For sjølv om han berre fekk jobbe som tenar, så var jo det trass alt mykje betre enn å ete ifrå grisebingen...

Så sonen han byrja på turen heimover.

Og eg trur han var ganske nervøs når han gjekk der og tenkte på kva faren ville seie når han kom heim.

"Tru om han kastar meg på hovudet ut, sidan eg har vore så dum", tenkte han kanskje..

Og han gjekk og gjekk, og kom stadig nærmare heimen til faren.

Kva ville de ha tenkt viss de var på vei heim til faren dykkar etter å ha gjort det som denne sonen hadde gjort?

Ville de ha gleda dykk veldig og vore i godt humør på turen heim?

Mest sannsynlig ikkje..eg trur dei fleste av oss ville grua seg litt.

Men det som skjedde det var ikkje det som sonen hadde frykta..

For medan han endå var eit stykke ifrå huset, så fekk faren auge på han..

Og faren han sprang imot han, og kasta seg om halsen på han!

For faren han hadde faktisk savna sonen sin så fælt at han hadde stått kvar einaste dag å speida etter han for å sjå om han kom heim igjen.

Og no når han endeleg var komt heim, så holdt han ein kjempestor fest for å feira det.

For denne faren, han var ikkje sint i det heile tatt, sjølv om sonen hadde svikta han og gjort masse dumme ting

Faren var berre kjempeglad for at sonen hadde angra og så komt heim igjen, og så tilgav han sonen alt det gale som han hadde gjort.

Og *det* er faktisk det viktigaste denne historien skal læra oss.

Aktualisering:

For denne historien den handlar eigentleg ikkje om ein far og ein son, men om *Gud* og om *oss menneske*.

Hugsar de at vi hørde i byrjinga at denne historia var ei *likning*?

For i denne historien så skal *faren* forestilla *Gud*, og han *sonen* som reiste vekk skal forestilla *oss menneske*.

Så det som Jesus ville lære oss er at Gud han tilgjev oss menneske uansett kor mykje dumt vi har gjort.

Og så at vi kan kome til Gud sjølv om vi har gjort masse gale eller aldri har vore kristne.

For Gud han er kjempeglad i ALLE menneske, og han står faktisk og speidar etter deg òg viss du ikkje trur på han, akkurat som denne faren speida etter sonen sin!

Og så ville Jesus lære oss at det er VI som må bestemme oss for om vi vil komme til Gud.

For faren i denne historien, gjekk han ut for å hente sonen sin?

Nei, han gjorde ikkje det.

Han kunne sikkert prøvd å gjere det, men faren ville at guten skulle få bestemme sjølv.

Og slik er Gud òg.

Gud kunne ha skapt oss slik at vi var nødt til å tru på Han.

Men Gud vil at vi skal få bestemme sjølv om vi vil tru på han og om vi vil kome til han.

Og så blir han kjempeglad viss vi kjem til han, akkurat som denne faren vart.

Men vi må faktisk bestemme det sjølv.

Avrunding:

Gud ønsker at alle menneske skal kome til han!

Og uansett kor mykje dumt og vondt du har gjort så kan det aldri bli så gale at Gud ikkje vil ha deg tilbake.

Og no skal vi slå opp eit bibelvers som seier oss noko om korleis Gud ser på det gale vi har gjort viss vi kjem til Han:

→ **Bibeloppslåing: Hebrearane 8,12**

Hebrearane 8,12:

For i nåde vil eg tilgje all uretten deira og ikkje lenger hugsast syndene deira.

Så Jesus han tilgjev oss viss vi ber Han om det!

Og så ønsker han at vi skal bygga livet vårt på Han!

Overgang til likninga om huset på fjell:

Kva trur de at det betyr?

At vi skal *bygge* livet vårt på Jesus?

Det er kanskje ikkje så lett å forstå, og difor så fortalde Jesus ein gong ei likning som skulle forklare dette.

Er det nokon av dykk som har *bygd* noko ein gong?

Eit hus eller ei (leike)hytte, kanskje?

Eit hus kan vi bygge på mange ulike måtar.

Vi kan bygge store hus, små hus, firkanta hus, runde hus, høge hus, lave hus osv.

Og Jesus han fortalde ein gong ei likning om to menn som skulle bygge seg eit hus, og som bestemte seg for å gjere det på litt ulike måtar.

Kva er det som er viktig viss vi skal bygge oss eit stort og solid hus?

(Lat borna kome med forslag).

Gode materialer kan vi seie er viktig.

Flinke folk til å bygge huset..

Men har det noko å seie *kvar* vi velger å bygge huset?

Kan vi bygge huset akkurat der vi vil?

Oppå ei blaut mark eller i ei skeiv skråning?

Ja, vi *kan* jo for så vidt det, men er det *lurt*?

Desse to mannfolka i likninga til Jesus dei fann ut kvar det var lurt å bygge, og kvar det ikkje var lurt å bygge.

Han første mannen han bestemte seg for å bygge huset sitt på eit fjell.

Det var litt slitsomt, sidan han då måtte bære alle byggematerialane opp på det fjellet, men han bestemte seg likevel for at det var der han ville bygge.

Han andre mannen han ville gjere det litt meir lettvent.

Han gadd ikkje å bære alle materialane opp på eit fjell, så han sette dei rett ned i sanden i staden for.

Og etter ei stund så hadde begge to fått seg eit ferdig hus.

Og begge husa var fine og fungerte godt.

«Yes, eg var lur, som bygde huset mitt her nede på sanden, slik at eg slapp å bære alle tinga mine heilt opp på fjelltoppen», tenkte kanskje han som hadde bygd huset på sanden.

Kven meiner de har vore lurast?

Han som bygde hus på sanden, der det var lettast å bygge, eller han som bygde på fjellet?

Kven som hadde vore lurast det skulle snart vise seg..for etter ei stund byrja det å regne.

Og ikkje berre litt sånne smådråpar, men skikkeleg storm og uvær og masse regn!

Kva trur de då at skjedde med dei to husa?

Kva trur de skjedde med huset som var bygd rett ned i sanden?

Har de prøvd å sjå kva som skjer når vi heller vatn på sand?

Kanskje nokon har bygd eit sandslott på stranda ein gong?

Kva som skjer viss vi heller vatn på det som vi har bygd av sand?

Då rasar det saman!

Og det var det som skjedde med huset til denne mannen.

Sidan det var bygd rett nedi sanden så rasa det når regnet kom!

Kva trur de skjedde med huset som var bygd på fjell?

Rasa det saman då regnet kom?

Nei, det gjorde det ikkje!

Det kom like mykje regn på dette huset, men fordi at det var festa i fjellet så stod det like støtt, sjølv etter regnet.

Og no skal vi slå opp i Bibelen og prøve å finne ut kva Jesus ville lære oss med denne likninga:

→ Bibeloppslåing: Lukas 6, 47-49

Lukas 6, 47-49:

47 Den som kjem til meg og høyrer orda mine og gjer det dei seier, eg skal visa dykk kven han er lik. 48 Han er lik eit menneske som ville byggja eit hus, og som grov djupt og la grunnmuren på fjell. Då flaumen kom, braut straumen mot huset, men kunne ikkje rikka det, for det var godt bygd. 49 Men den som høyrer og ikkje gjer etter det, han liknar eit menneske som bygde huset sitt på berre bakken, utan grunnmur. Då straumen braut mot huset, datt det med ein gong, og heile huset rasa saman.»

Her seier Jesus at dei som *høyrer* på det som han seier, og *gjere* slik som han seier, dei er slik som han mannen som bygde huset sitt på fjellet.

For Jesus, han seier det at han er faktisk som eit fjell.
Kanskje du synes at det er litt merkeleg, at Jesus samanliknar seg sjølv med eit fjell?

Det som Jesus meiner, det er at viss vi bygger livet vårt på han, det vil sei at viss vi trur på han, då er vi trygge, akkurat som den mannen som bygde huset sitt på fjellet.

Så sjølv om det kom masse uvær som prøvde å øydelegga huset, så var huset heilt trygt fordi at det var bygd på fjell.

Og sånn er det viss vi trur på Jesus.
For viss vi trur på Jesus, då heldt Jesus oss fast, akkurat som fjellet holdt detta huset fast.
Og difor så er det lurt å bygga livet sitt på Jesus!

Men trur de at det betyr at vi aldri vil oppleva noko vanskeleg i livet viss vi velger å tru på Jesus?

Nei, det betyr det ikkje.

Han mannen som bygde huset sitt på fjellet han fekk akkurat det same regnet og det same uværet på seg som han som bygde på sanden.

Men viss vi trur på Jesus så vil han vera med oss *i gjennom* det som er vanskeleg, slik at vi klarar oss sjølv om vi opplever vanskelige ting, akkurat slik som huset på fjellet overlevde stormen.

Så det har eg lyst til å seie heilt til slutt og som avslutning på den siste bibelsamlinga:

Jesus ønsker at du skal tru på Han, bygge livet ditt på Han, slik at Han kan få hjelpe deg her på jorda, og slik at du skal få evig liv i himmelen med Han!

Forslag til songar:

Kom hjem (CD «Det er gull», Jentegruppa Seven)

Bygg ikke hus på en sandstrand (Hafrsford Barnegospel – Sprell Levende)

Når det stormer (CD "Søndagsskolen synger")

Gud er så glad i meg (CD «Jesus elsker alle barna», Børudgjengen)

Du er du og du duger (CD "Søndagsskolen synger")

Familiemøte: Oppsummering + evangeliet

Tankar rundt denne samlinga:

No er det jo ikkje alle leirar som har familiemøte/avslutningsmøte siste dagen, men for dei leirane som *har* det, så tenker eg følgjande:

Eg tenker at det her kan vere litt fritt ift korleis ein velger å legge opp samlinga.

Erfaringa viser at det, pga den korte tida som er til rådighet og fordi at det kjem mange utanfrå, er vanskeleg å begynne på noko *heilt* nytt.

Det som eg tenker då er det beste vi kan få til, er å repetere det vi vil at deltakarane skal hugse ifrå leiren, samt presentere noko som er aktuelt og treffande for dei som kjem utanfrå.

Grov disposisjon:

-repetere eit utvalg av det som er blitt forkynt på leiren (ikkje gå *for* mykje i detaljar ☺)

-og så i tillegg: gje tilhøyrarane noko godt og sentralt «med på vegen», som dei kan ta med seg når dei går.

Ift denne siste samlinga:

Eg lagar ikkje noko "manus" til denne samlinga slik eg har gjort til dei andre samlingane, då eg trur det vil variere frå leir til leir og frå talar til talar kva som er føremålstenleg å ta med og ikkje.

Det som eg gjer, er at eg set opp nokre punkt som kan vere *forslag* til kva ein kan ta med, samt at eg lagar ein powerpoint med utvalgte bilder som ein kan bruke på den siste samlinga.

Eg har tatt med rikeleg med bilder, de får berre klippe vekk dei de ikkje vil bruke.

Forslag til korleis ein kan gjennomføre siste samlinga:

-presentere kort kva som har vore temaet for leiren.

-ha ein dialog med tilhøyrarane: ta føre seg ei og ei historie, og spørre om nokon hugsar kva som skjedde. Ein kan for eksempel ta opp på skjermen eit utvalgt bilde frå ei historie, og så spørre om nokon hugsar historia.

-fokusere på ei eller nokre utvalgte historiar: viss du som talar kjenner på at det er ei av historiane/personane du ynskjer å bruke tid på, for eksempel på eit familiemøte, så står du fritt til det.

Det som er viktig er at dei som høyrer på får høyre noko dei har bruk for å høyre!

-få inn evangeliet i ei eller anna form: på eit familiemøte/avslutningsmøte er dette spesielt viktig. Der kjem det mange som aldri høyrer evangeliet ellers, og som ikkje veit kva det er for noko.

Lukke til med bruken av dette bibeltimeopplegget!

Spørsmål og kommentarar til opplegget kan rettast til:

Bjarte Vesetvik, Barne og familieleder ImF-Ung

Tlf: 99642469

E-post: bjarte@imf-ung.no